



Masfjordfjella nasjonalpark

Vår dato:
23.02.2022

Vår ref.:
2022/3226

Til:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Stein Byrkjeland, 5557 2114

Kopi til:

Referat frå orienteringsmøte om nasjonalpark i Masfjordfjella

Tid og stad: Torsdag 17.02.2022 kl. 10.00 - 11.30 i Helsehuset på Knarvik

Til stades: Frå Alver kommune: Ordførar Sara Sekkingstad, Kristin Nåmdal og Hogne Haugsdal,
Frå Masfjorden kommune: Ordførar Karstein Totland, Svein Helge Hofslundsengen og Roald Kvingedal
Frå Hordaland fylkeskommune: Synnøve Stalheim
Frå Statsforvaltaren i Vestland: Kjell Kvingedal, Eline Orheim og Stein Byrkjeland (referent)

Statsforvaltaren i Vestland har fått nye oppdrag i embetsoppdraget for 2022. Dette dreier seg mellom anna å førebu prosessane omkring oppretting av tre nye nasjonalparkar med tanke på mogleg realisering i framtida, og dessutan å sondere stemninga omkring mogleg vern av inntil 32 mindre kandidat område i Vestland fylke. Eitt av dei aktuelle nasjonalparkframlegga ligg i Alver og Masfjorden kommunar (Masfjordfjella/Fjonfjella), og eitt av dei mindre kandidat områda ligg i Alver kommune (myrkomplekset «Havet»).

Møtet kom i stand etter initiativ frå Alver kommune, slik at kommunane kunne få informasjon på eit tidleg tidspunkt om kva planane inneberer, og kor konkrete dei er på dette tidspunktet.

Kjell Kvingedal og Stein Byrkjeland frå Statsforvaltaren presenterte i grove trekk kva som er formidla i oppdragsbrev til embetet. Arbeidet er enno i ein svært tidleg fase, der ein så vidt har teke fatt på steg 2 i ein prosess som medfører minst 11 steg. Den naturfaglege kunnskapen om Masfjordfjella er så langt svært avgrensa, også for Statsforvaltaren. Området vart spelt inn som eitt av om lag 100 ulike område i Vestland fylke som kunne vere aktuelle å vurdere som framtidige verneområde etter naturmangfaldlova, eit oppdrag som vart formidla frå Miljødirektoratet i 2019. Utpå seinhausten 2021 fekk ein tilbakemelding om at det kunne vere aktuelt å vurdere fire nye område som framtidige nasjonalparkar i Noreg. Tre av desse ligg i Vestland fylke, og Masfjordfjella er eitt av desse. Det er så langt ikkje snakk om å formalisere ein prosess, men Statsforvaltaren er i første omgang oppmoda om å ta kontakt med vertskommunane for å få klargjort i kva grad desse kommunane er interesserte i at det vert starta opp ein prosess for å vurdere det faglege grunnlaget for eit eventuelt vern i framtida. Dette informasjonsmøtet er det aller første steget i ein slik prosess.

Vi gjekk kort inn på kvifor dette området er spelt inn i supplerande vern. Masfjordfjella har gamle og hardføre bergartar. Naturen har særpreg, og dette er det største inngrepsfrie området i Hordaland utanom Hardangervidda og andre nasjonalparkar. Jordsmonnet er nok mange stader relativt skrint, og dette gjer at ein ikkje kan forvente eit svært rikt biologisk mangfald. Naturmangfaldet er ikkje godt kartlagt.

Om prosessen skal vidareførast fram mot eit eventuelt vernevedtak, vil det avhenge av tilstrekkeleg lokal aksept i kommunane. Involvering og medverknad vil vere heilt avgjerande for resultatet, og dette er viktige føringar for Statsforvaltaren sitt arbeid i slike saker.

I denne omgang ønskjer Statsforvaltaren tilbakemelding frå dei to aktuelle kommunane om korleis dei ser på initiativet, og om dei ønskjer at arbeidet med å kartlegge potensialet kan ta til. Kontakt med grunneigarar, interesseorganisasjonar og andre aktuelle instansar vil vere ein del av det vidare arbeidet.

Statsforvaltaren ser gjerne at dei to kommunane også kvar for seg oppnemner kontaktperson(ar), som gjerne kan delta i aktuelle møte, og som Statsforvaltaren kan halde løpande orientert om problemstillingar og



framdrift, og som også kan formidle slik informasjon vidare til aktuelle instansar og einskildpersonar i kommunen.

Representantane frå dei to kommunane uttrykte ønskje om å informere kommunestyra om initiativet. Det vart avtalt at representantar frå Statsforvaltaren vert invitert til møte kommunestyra allereie 24. februar 2022 for å gje ei orientering der, om lag kl. 12.30 denne dagen i Masfjorden kommune og kring kl. 14.00 same dag i Alver kommune.